

4. klasse på turar til Rosendal og Skorpo

18.06.2013



Det er siste skuleveka og dagane er fylt med turopplegg og ymse arrangement som gjev større innsikt og kunnskap.

4. klasse frå Uskedal skule var såleis på turar til Rosendal og Skorpo. Med eit innhaldsrikt program fekk dei innsyn og kunnskap om ulike fagområde.

Fyrste stopp på Rosendalsturen var Skaalurensamlinga med informasjon om fartybygging i Kvinnherad og i Skålafjæro frå 1850-talet og fram til i dag. Omvisar var Kristian Olav Bringedal.

Turen gjekk vidare til Folgefonna Nasjonalparksenter med filmen om Folgefonna og om korleis landskapet er forma gjennom mange tusen år. Dagen vart avslutta med omvisning på Malmanger prestegard med bygningshistorie og utstilling av fornminne.

Bileta er frå turen til Skorpo der klassa møtte Johannes Hauge og dyra hans. Han fylgde med til Lauvdalen der grunnmurene står att etter eit hus som seinare er delvis flytta til Sandakaien. Deretter gjekk klassa på Skorpefjellet der dei skreiv seg inn i boka. Grilling og bad var også på programmet.

